



Saksutgreiing

Arkivreferanse: 2024/1628-2

Saksbehandlar: Tor Taraldsrud

Saksgang

Saksnummer	Møtedato	Utval
2025/27	11.02.2025	Hovedutval for miljø og samfunnsutvikling
2025/21	18.02.2025	Formannskap
2025/11	27.02.2025	Kommunestyret

Høyring av forskrift for kommunal renovasjon for hushald og fritidsbustader i Skjåk, Lom, Vågå, Sel, Lesja og Dovre kommunar

Saksutgreiing

Kommunen har behov for å revidere eksisterande renovasjonsforskrift for å sikre ei meir effektiv og miljøvennleg handtering av avfallet frå bustader- og fritidsbustader. Den nye forskrifta skal bidra til å oppnå kommunen sine målsettingar innan avfallshandtering, inkludert auka kjeldesortering, redusert avfallsmengde og betre ressursutnytting.

Gjeldande renovasjonsforskrift for eigarkommunane i NGR er frå 1. januar 2010 og er tilpassa gjeldande renovasjonsordning. Frå 1. januar 2025 ynskjer kommunane og NGR å innføre kjeldesortering av matavfall med oppsamling i dunk, og samtidig vil ein erstatte dagens løysing med sekk til dunk for restavfallet.

Forslag til revidert renovasjonsforskrift er utarbeidd av NGR i samarbeid med juridisk avdeling i Samfunnsbedriftene.

Det er eit mål at revidert forskrift skal kunne vera gjeldande over tid. I åra framover ventar ein store endringar i avfallshandteringen på grunn av nye krav frå styresmaktene når det gjeld sortering, behandling og gjenvinning av avfall. Det vil truleg også bli endringar som følgje av teknologisk utvikling og digitale løysingar. Ny forskrift må kunne fange opp slike endringar utan stadige behov for revisjon. Dette tilseier at den nye forskriften blir utforma med overordna rammer, medan nærmare skildringar av praktiske detaljerte tilhøve vil framgå av ein administrativ rettleiar. Forslag til rettleiar er vedlagt denne saka til orientering.

Endringane i forskriftsteksta er:

- Revidert forskrift utformast med ein generell del og ein tilhøyrande og meir detaljert rettleiar.
- Ny inndeling i kapittel med overskrifter, der reglar som naturleg høyrer saman er samla for seg.

- Tydelegare skilje mellom kommunen sine og abonnenten sine oppgåver, plikter og ansvar.
- Redaksjonelle endringar der føresegner heilt eller delvis er flytta slik at ting som tematisk sett høyrer saman er mest mogleg samla.
- Språklege endringar ved å endre og komprimere tekst for å gi eit mest mogleg enkelt språk.

Kommunane er etter forureiningslova §30 pliktsubjektet og rettsleg ansvarleg for hushaldningsrenovasjonen for eigne innbyggjarar. Ordet kommunen brukast gjennomgåande i forskriftera også i fleire tilfelle der det i praksis er NGR som utfører arbeidet.

Myndigetsutøving og forvaltningsansvar ligg framleis i kommunen. Det betyr at det framleis er den enkelte eigarkommune som fastset og krev inn avgifter, handsamar søknadar, treff vedtak og føretak klagehandsaming etter forvaltningslova. Det blir ikkje delegert myndigkeit til NGR til å treffe enkeltvedtak etter forvaltningslova.

Sidan det er kommunen som behandler saker etter forskrifta, og skal bruke retningslinjer fastsett i administrativ rettleiar både ved vedtak og klage, må også rettleiaren vedtakast av kommunestyret.

Den enkelte eigarkommune vedtek forskrifta for sin kommune. Av praktiske grunnar må det gjerast likelydande vedtak i alle 6 eigarkommunane.

Heimel for forskrifta

Forskrifta er heimla i lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forureiningar og om avfall kap. 5 (forureiningslova §§ 30, 33, 34, 37, 79, 83 og 85.) Lova gir kommunen myndigkeit til å fastsette forskrifter om handtering av hushaldningsavfall, inkludert innsamling, transport, oppbevaring og behandling av avfall.

I Skjåk er forureiningslova delegert til hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling som skal: "*Gje innstilling til kommunestyret i saker innanfor hovudutvalet sitt saksområde*".

Høyring:

I mehald til forvaltningslova § 37 skal forslag til nye forskrifter sendast på høyring før vedtak. Høyringsperioden skal som hovudregel vera 6 veker, og alle partar som er råka , inkludert innbyggjarar, næringsliv og interesseorganisasjonar, inviterast til å kome med innspel. Høyringsfristen har som hensikt å sikre at alle som blir råka av vedtaket får ein reel moglegheit til å førebu ei uttale. Difor er hovudregelen på høyring 6 veker.

Vurdering

Målet med ny forskrift er å få ei forskrift som er meir tilpassa dagens situasjon med sortering og gjenvinning enn gjeldande forskrift er. Rettleiinga for sakshandsaminga skal detaljere forskriftsteksta og gi grunnlag for lik handsaming i hele NGR området.

Alle kommunane i NGR området blir oppfordra til å gjera like vedtak slik at den nye forskriften blir likelydande. Det er NGR som har utarbeida forslaget til ny forskrift.

Når det gjeld § 18 er det i forslaget lagt opp til at løyve til heimekompostering opphøyrer to år etter vedtaksdato. Det er ynskjeleg at kommunen sjølv kan avgjere kor lenge eit vedtak kan vera gjeldande. Det er enkelt å regulere det med vilkår i vedtaket. Det er mange som har søkt om heimekompostering og det blir mykje ekstra sakshandsaming om alle søknadene må bli behandla på nyt om to år.

Revisjon av gjeldande renovasjonsforskrift er naudsynt for å betre sortering og gjenvinning av avfallet. Samstundes som forslaget til ny forskrift vil gjera innsamlinga enklare for abonnenten.

Kommunedirektøren tilrår at forslag til ny forskrift blir lagt ut på høyring og offentleg ettersyn i 6 veker i medhald av forvaltningslovas § 37 og Forureiningslovas kapittel 5.

Kommunedirektøren si tilråding

1. Forskrift for kommunal renovasjon for hushald og fritidsbustader i Skjåk, Lom, Vågå, Sel, Lesja og Dovre kommunar blir med heimel i forvaltningslovas § 37 og Forureiningslovas kapittel 5, lagt ut på høyring og offentleg ettersyn i 4 veker.
2. Tredje ledd i § 18 i forskrifta bør endrast til. Vedtak om tillatelse opphører ved eierskifte.

Hovedutval for miljø og samfunnsutvikling si behandling av sak 27/2025 i møte den 11.02.2025:

Behandling

Endringsforslag frå Astrid Gjertsen (BL):

1.Forskrift for kommunal renovasjon for hushald og fritidsbustader i Skjåk, Lom, Vågå, Sel, Lesja og Dovre kommunar blir med heimel i forvaltningslovas § 37 og Forureiningslovas kapittel 5, lagt ut på høyring og offentleg ettersyn i 6 veker.

Pkt.1 Samrøystes.

pkt. 2 Samrøystes.

Vedtak

1.Forskrift for kommunal renovasjon for hushald og fritidsbustader i Skjåk, Lom, Vågå, Sel, Lesja og Dovre kommunar blir med heimel i forvaltningslovas § 37 og Forureiningslovas kapittel 5, lagt ut på høyring og offentleg ettersyn i 6 veker.

2.Tredje ledd i § 18 i forskrifta bør endrast til. Vedtak om tillatelse opphører ved eierskifte.

Formannskap si behandling av sak 21/2025 i møte den 18.02.2025:

Behandling

Samrøystes.

Vedtak

1.Forskrift for kommunal renovasjon for hushald og fritidsbustader i Skjåk, Lom, Vågå, Sel, Lesja og Dovre kommunar blir med heimel i forvaltningslovas § 37 og Forureiningslovas kapittel 5, lagt ut på høyring og offentleg ettersyn i 6 veker.

2.Tredje ledd i § 18 i forskrifta bør endrast til. Vedtak om tillatelse opphører ved eierskifte.

Kommunestyret si behandling av sak 11/2025 i møte den 27.02.2025:

Behandling

Endringsforslag frå Tom Andre Hånsnar, Bygdalista i sak 2025/11: Høyring av forskrift for kommunal renovasjon for hushald og fritidsbustadar i Skjåk, Lom, Vågå, Sel, Lesja og Dovre kommunar:

Forskrift for kommunal renovasjon for hushald og fritidsbustadar i Skjåk, Lom, Vågå, Sel, Lesja og Dovre kommunar blir med heimel i forvaltningslova sin §37 og forureiningslova sitt kapittel 5, lagt ut på høyring og offentleg ettersyn i 4 veker.

Tilråding frå formannskapet fell mot 16 stemmer, (AP, SP og BL).

Vedtak

Forskrift for kommunal renovasjon for hushald og fritidsbustader i Skjåk, Lom, Vågå, Sel, Lesja og Dovre kommunar blir med heimel i forvaltningslovas § 37 og Forureiningslovas kapittel 5, lagt ut på høyring og offentleg ettersyn i 4 veker.